

Region Sogn og Fjordane



Normisjon

Acta - barn og unge i Normisjon



Les leiar side 2:

Frå regionavis til regionblad

Les meir om:

Ny redesign-linje i Sunnfjord





LEIAR

Frå regionavis til regionblad

Med dette har vi gått over frå regionavis til regionblad. Dette gjer vi i ei felles pris- og trykkerisamkøyring med fleire andre regionar. Vi håpar du får eit godt førsteinntrykk!

Med endring i format vart det vanskeleg å finne ei god løysing for samkøyring av innhald saman med region Møre, slik vi har hatt det i nokre år. Når vi så landa på å ha eit blad kun for vår region vil vi gjere dette slik at vi viser breidda av arbeidet som skjer i regionen. Det betyr at foreiningar og barne- og ungdomslag skal vere synlege gjennom året. Folkehøgskulane, leirstadane og retreatsenteret får sine faste plassar. Innvik fjordhotell, Fjordly barnehage, Norfellesskapet og Møtepunkt B også.

Ikkje alle er med i dette første nummeret, vi har hatt kort tid, og arbeidd tett for å sette opp eit blad til første deadline. Men frå neste nummer vil vi truleg få bladet i den profil som motiverer deg til å vere knytt til Acta, Normisjon eller bruke våre verksemder.

Vårt arbeid er ikkje lite. Det har eit breitt nedslagsfelt. Fjordly barnehage har hatt ein spørring om sine tenester med foreldre som respondentar. Kvaliteten der er høg, med snitt svarscore på 4,5 poeng der 5 er høgste score.

Fjordly Ungdomssenter og Holmely Omsorg og retreat har mykje besøk og etterspørsel, og utviklar ein gradvis styrking av dialogen seg i mellom for å kunne vere eit tilbod for fleire grupper.

Teigen leirstad har eit styre som no organiserer oppussing av hyttene etter tur. Langsiktig er det hovudbygget som må løftast i kvalitet og ombygging. Men uteområdet er klart for glade aktivitetar, og særleg båtparken er styrka med nye kanoar, kajakkar og robåtar.

Ver med å dele regionbladet slik at vi kan gjere alle sider av vårt arbeid kjent. Og kom gjerne med innspel på stoff og endringar. Vi tek det opp i redaksjonen vår.

Jostein Bildøy

Barne- eller ungdomslag i 2022?



Viste du at vi har 20 flotte barne- og ungdomslag i Sogn og Fjordane? Lag som driv aktivitet lokalt for at barn og unge skal ha ein plass å møtes for fellesskap med kvarandre, og med Jesus! Dette er eit arbeid som er særst verdifullt og viktig. Og vi i Acta er stolte over alt det flotte arbeidet som blir gjort. Dessverre har mange av barne- og ungdomslaga våre har lagt bak seg ei «tung» pandemiperiode med lite aktivitet. Nokre har kome i gang att, mens andre har valt å legge ned eller ventar på at smittesituasjonen i aktuell kommune skal tillate oppstart. Og du lurar kanskje på; Er det lov å drive aktivitet som samlar barn og unge no? Svaret er JA! Det er i dag få, eller ingen begrensingar for aktivitet for barn og unge. (Unntaket er kommunar der smittetrykket er høgt, og kommunen sjølv har sett begrensingar).

Barn og unge er ei gruppe som no har stort behov for å møtes, kjenne på fellesskapet, og kunne møtes i trygge rammer der dei blir

sett og høyrte. Og DET ynskjer Acta å støtte opp om og vere ein del av.

Vi veit også at mange av laga våre slit med rekruttering av leiarar, så om du veit det er eit barnelag i di bygd, så ta gjerne kontakt med dei om du kan tenke deg å vere med å bidra. Eller kanskje du kjenner på eit ynskje om å starte noko nytt for barn eller unge der du bur? Ikkje nøl med å ta kontakt med Stine i Acta for hjelp, råd, støtte eller vegleiing til oppstart. Du kan og enkelt registrere nye lag via acta.no. Det er kun kreativiteten som set stoppar for kva type barne- eller ungdomslag du kan starte, det viktige er at du har eit ynskje eller brann om å starte noko som kan gje born og unge muligheten til fellesskap med Jesus og kvarandre!

2022 er frivillighetens år, og vi høyrer gjerne frå DEG!

Vår i Acta!

Denne våren er det sett opp tre leirar i Sogn og Fjordane, og vi gler oss til å kunne samlast og til å skape meir fellesskap der born og unge får møte, følgje og ære Jesus saman med jamnaldringar og trivelege leiarar. I tillegg til leirane vonar vi på regionskontoret å få besøkt mange av barne- og ungdomslaga våre i løpet av våren. Ta gjerne kontakt om ditt lag eller forening ynskjer besøk frå oss.

Elles jobbar vi med førebuing av somar og haust, samt å få på plass ei oversikt over vaksne som kan tenkje seg å vere med å bidra på leirar og arrangement. Vi treng både deg

som trives med å forkynne, du som spring og herjar, og du som trives best med ein prat i sofakroken. Vi set stor pris på at du tek kontakt om du kan tenkje deg å bidra!

Vi er og i gang med fleire samarbeid med andre organisasjonar, både om leir, lagsarbeid og arrangement. Vi gler oss til å dele nytt med dokke om kva som kjem ut av desse samarbeida. Det er mange ulike organisasjonar som jobbar mot same mål; «Jesus til og for born og unge», og saman har vi moglegheita til å nå fleire. Ver gjerne med i bøn for arbeidet!



Leirhausten 2021

Denne hausten fekk vi gjennomført tre av fem leirar som var sett opp i leirprogrammet. Dessverre vart både leirdagen og tweensleiren på Teigen avlyst pga manglande påmelding, men på Fjordly vart det både minileir, tenleir og tweensleir denne hausten.

Over 100 små og store fekk ta del i leirar prega av latter og glede, og det var godt for både små og store å endeleg kunne samlast igjen til

leir. Bibeltimar, lovsong, spel, god mat og kjekke aktivitetar både ut og inne var med å skape vennskap, kjennskap og minner som varer! Vi fekk varm kakao til frukost og nysteikte bollar til peiskos, og små og store var takksame for at leirplassane våre også har mange gode inneaktivitetar når veiret herjar ute i haustmørket.

Tusen takk til alle frivillige som stiller opp rundt leirane og leirstadane våre. Utan DEG som frivillig ville vi ikkje kunne nytte leir til å formidle Jesus til små og store i fylket vårt, og visjonen vår om å lage grensesprengande fellesskap der barn og unge skal få møte, følgje og ære Jesus Kristus ville vore langt vanskelegare å nå! Takk!

Regionårsmøte 2022

Regionårsmøtet i år er satt til 23.april i Førde bedehus.

Vi gler oss over å kunne invitere til regionårsmøte der vi kan møtast og motivere kvarandre i fellesskap.

Landsstyreleiar Halgeir Solberg deltek.

Vi startar kl 11 og avslutter seinast kl 18.

Påmeldingslenke og deltattert informasjon om program elles blir lagt ut på heimesida vår i midten av mars.



Halgeir Solberg,
foto Normisjon

Godleiksdag i Frivillighetens år 2022

2022 er Frivilligheten år i heile landet. Og er det noko vi er gode på så er det frivillig innsats!

Godleiksdagen har vore gjennomført i enkelte av foreinngane i regionen vår i nokre år.

Søke om stønad

I år kan ditt lokallag søke om stønad til gjennomføring av frivilligiltak for andre. Kanskje klarer vi å løfte Godleiksdagen til nye høgder?

På www.frivillighetensar.no kan du søke stønad, legge inn aktivitetar i kalender, og oppleve at ditt engasjement er ein del av eit viktig samfunnsengasjement. Inform oss gjerne, eller bestill besøk frå regionen, til dykkar arrangement!

Regionlotteriet 2021

Gav netto inntekt på litt over kr 102000,-. Det er vi fornøgd med.

Vi gratulerer alle vinnarar, og alle har no fått sine gevinstar. Vi fekk ikkje solgt alle loddia i år, men det var naturlege grunnar til det. Mellom anna oppdagar vi at kontaktpersonar til foreiningane ikkje er oppdatert i våre liste, eller inneheld feil informasjon. Vi har planar for nytt regionlotteri i haust, og vil då både informere breitt og tilby sal og formidling av lodd til fleire. Takk for ditt bidrag til regionarbeidet gjennom lotteriet!

Vinnarar regionlotteriet 2021

<u>Nr</u>	<u>Gevinst</u>	<u>Verdi</u>	<u>Lodd nr</u>	<u>Vinnar namn</u>
1	Gåvekort Choice Hotels	10000	4917	Vibeke Mandelid, Guddal
2	"Middag + kaffiservice "Rose"	6500	6144	Kim Rune Dalsbø, Stadlandet
3	Apple Ipad mini 64GB wifi	4490	3695	Henriette Restad Kvalheim, Raudeberg
4	GoPro Hero 9 Action kamera	4290	2265	Jon Teigen, Ålesund
5	Motorsag Stihl ms181c	3990	2968	Odin Aabrekk, Olden
6	Legoteknikk Truck	1350	1130	Atle Selvik, Kvammen
7	Leikekjøkken i tre	1200	5824	Inger Johanne Grini, Sandane
8	Keramikk veggfat "Thor Lannem"	1750	6450	Anna Karin Wergeland Hansen, Sandane
9	Vase frå Christineholm	1000	1617	Arne Førde, Berle
10	Kaffiservice 6 personar	1200	806	John K Lidal, Slinde
11	Flatbrødkorg	1000	1280	Per Ingolv Nygård, Førde
12	Bezzewisser brettspel	700	6575	Aleksander Bildøy, Bergen
13	Glasvase og mugge	1000	3255	Brita Austrheim, Sandane



Vi gler oss over at Møtepunkt Ung – ungdomsarbeidet vårt – har haldt koken og trøkket oppe.

For oss i Møtepunkt B har både førjulstida og første månaden på nyåret gått med på å orientere oss i nytt smittebilette og varierende koronatiltak. Samstundes gler vi oss over at Møtepunkt Ung – ungdomsarbeidet vårt – har haldt koken og trøkket oppe. Det er store generasjonssamlingar som har vore vanskeleg. Men vi gjev aldri opp og lengtar og gledar oss til den dagen der vi kan jobbe systematisk med å samle folk utan å møte pønske så mykje på avstand, handsprit, faste tilviste plassar, maks tal besøkande og slikt.

Advent og jula vart heildigital for oss med Gunhilds førjulstips og Vegards julereleksjonar, og Andreas sin nyårstale – alt kan framleis sjåast på nett. Til saman 12 videoar.

Vi veit ennå ikkje kva pandemitida har gjort med oss, men vi reknar med at vi også kjem til å ha med oss nokre etterverknader av åra som har gått. Difor vil vi nok dette semesteret vere i ein oppbyggings- og reetableringsfase med fokus på medarbeidarskap, fellesskap og bøn. Vi trur vi skal få bety ein forskjell, både på Sandane, i Gloppen og i Nordfjord.

Vi fekk valt eit fantastisk styre på årsmøtet i haust. Med styreleiar Anita Sande i spissen, jobbar dei godt for å legge gode rammer for vidare drift. Og med ei dedikert og ressurssterk leiargruppe, er det gode grunnar for stor tru til Gud for Møtepunkt B si framtid.

Norfellesskapet – fellesskapet i Førde for deg?



Norfellesskapet feirer gudstjenester annenhver søndag klokka 16.00 gjennom stort sett hele året. Vi er et fellesskap for alle, men vi har et spesielt fokus

på ung-voksen generasjonen.

Fellesskapet, Ordet, lovsangen, bønnen og nattverden står sentralt i våres samlinger. I tillegg til dette samles vi til småfellesskap i ukedagene, hvor vi ønsker å gå litt tettere på livet. Vi ønsker å være et jesus-sentrert felles-

skap og hos oss er det plass til alle, og hos oss er det plass til flere. Hvis du ønsker å være koblet på oss, enten ved å motta informasjon, være en del av fellesskapet eller kanskje til og med ha en tjeneste kan du gjerne ta kontakt med oss. Du kan nå oss på facebookside vår: Norfellesskapet Førde eller du kan ta kontakt pr. tlf eller epost. Vær gjerne med å be for oss.

Stian Stokkebekk: 40616721

Mail: Stian.Stokkebekk@normisjon.no

Vårsemesteret er i gang



Vårsemesteret er i gong, og no snakkar eg oftare om smittevernsinnovasjon eller smittevernsrestriksjon. På Fjordlydag i januar oppdaga vi at britisk afternoon tea var kjempemorsomt. Ei løysing vi ikkje hadde kome på dersom smittevernet ikkje hadde stimulert oss til å bli kreative. Haldis Håvik viste verknadane av «husflidmisjon» - korleis eit

lite strikkapledd kan berge livet til nyfødde i Nepal. Vi har også hatt alle dei vakre konfirman-tane i Stad kommune på besøk. Hugs å be for dei og familiane. Kyrkjelyden i Totlandskyrkja har hatt superkoselig kyrkjekaffi på Fjordly og vårleirane for storskulen og tenåringar er i anmarsj. Hugs å be om at leirinformasjonen skal komme foreldrene i hende. No som mange skular ikkje tillet at brosjyrer vert delt ut, har vi born som bur mindre enn 15 minutt unna og ikkje veit at Nordfjords største leirstad er bygt for akkurat dei. Det får hjartet nesten til å bris-te. Ver med å spre informasjonen om at på Fjordly er det nokon som ventar på dei og ynskjer dei velkomne – alle sammen. Det er mange nye tilflyttarar i fjorden. Korleis skal dei vite om vi ikkje fortel dei om Fjordly?



Snart 30 år med Holmely Omsorg og Retreat

I høst var det 30 år siden de første sprengin-gene på tomte til Holmely. Mye har skjedd siden den gang!

«Herre, du forlater ikke dem som søker deg» (Salme 9:11) Disse ordene har vært gode å holde i, i inngangen til et nytt år. Nå har vi lagt 2 spesielle år bak oss, krevende år på mange måter. Hva vil du nå Gud? Vi har blitt tvunget til å stoppe opp, tenke nye tanker, le-gge ned våre egne planer, bli ledet på ukjente veier... kjenne oss redde, ensomme, utrygge.

Midt oppi dette har vi fått lov å erfare sterke søskenfellesskap, Guds inngripen i men-nesker sine liv, Guds fred midt i det sårbare, glede over å være samlet, glede over bønne-fellesskap, glede over Guds Ord som står fast!

Mange har vært med å bære sammen med oss gjennom bønner og oppmuntringer, og vi har fått lov til å oppgradere bygget både utvendig og innvendig med pengegaver og dugnadshjelp! En takknemlighet over Guds trofasthet sitter igjen - en Gud som bærer gjennom, som ser og vandrer sammen med oss. Det vil Han også gjøre i 2022!



INNVIK FJORDHOTEL

Misjonsheimen



Hotellet er no vinterstengt (som vanleg), og vi satsar på å opne igjen 1. april. Akkurat no driv vi med oppussing av kjøkkenet. Det er på tide, etter 40 år. Vi skifter tak, og installerer ny ventilasjon og monterer ny kjøkkenhette. Dette involverer både elektrikar, rørlegger, snekkarar og ventilasjonsentreprenør. Og det innebær mykje støv, skit og rot. Heldigvis har vi Kristian, vaktmeisteren vår, som riv det gamle, har kontakten med dei som skal kome og gjere jobben sin i tur og orden, og ikkje minst kostar og støvsugar det verste etter kvart.

Det blir veldig godt å få dette arbeidet gjort, og vi gler oss til det blir ferdig!

Elles gler vi oss til å starte opp att. Påskefeiringa blir det første arrangementet. Det er kome ein del påmeldingar til påske, sjølv om vi ikkje har sendt ut programmet endå. Det lovar godt!

Det er kome bra med bestillingar til sommaren (omtrent som vanleg), og til hausten er dei fleste helgar bestilte. Utfordringa for vår og haust er framleis å fylle opp vekene.

Vi veit at vi skal ha nokre arbeidarar buande her store deler av året når dei først startar opp seinare i vår, og det er vi veldig glade for. Då har vi ein «grunnstamme» med gjester kvar dag. Også i år er det litt spennande om dei utanlandske sesongarbeidarane kjem. Vi håpar det let seg gjere denne sommaren!



INNVIK
FJORDHOTEL
Misjonsheimen
6793 INNVIK



13.-18. APRIL: PÅSKE V/FJORD OG FJELL

Kurt og Reidun Hjemdal. Eva og Hans Gjesdal

Start: Onsdag kl. 18.00, slutt 2. påskedag etter frukost.

Ein kan delta på heile eller deler av opplegget.

Ledige rom utover våren og sommaren. Velkomne!

For informasjon/pris/påmelding: Tlf: 57 87 49 90

post@innvikfjordhotell.no, www.innvikfjordhotell.no

Ny linje for styrka miljøfokus

Frå hausten ønskjer vi å sette i gong linja Redesign. Meininga er å styrke bevisstheits rundt berekraft og alternativt forbruk.

Siste halvåret har skulen arbeidd med å legge grunnen for oppstarta av denne linja frå august. Dette er ikkje ein kompetanse som fionst på skulen frå før, så vi har innhenta hjelp til fagleg

utvikling frå fleire hald, av folk som er flinke med dette fagfeltet. Rom har skulen på gamle Haavetun, i det bygget ligg det mykje god tekstilundervisning i veggane. Slik undervisning foregjeikk på Haavetun heilt frå starten i 1910 og fram på 80-talet. Sidan blei tekstilundervisninga flytta til gamle gymsalen, og det er uvisst kva årstal skulen sist hadde slike fag. I vår tid har det igjen kome ei bølge med interesse for gjenbruk og fornying av brukte klesplagg og materialar. Mange synes at det er interessant

og meningsfullt å lære å lage sine egne klesplagg, anten det er for å framstå med ein litt alternativ stil, det er for å ha ein kjekk hobby eller det er for å gjere ein liten innsats for eit berekraftig miljø. Eller kanskje litt av alt. Symesterskapet på NRK har nok bidrege med ekstra interesse.

Vi håper at denne linja også kan gje oss fleire jenter, då skulen har ei overvekt av gutar.



I mangel på eigen sysal enno, så har vi besøkt verksemda Upscale på Sandane for både å finne eit symiljø og god kompetanse i oppstartsfasen. Foto: Arne Håberg.



Stippane



Ein skal ikkje ha vore lenge på ein folkehøgskule før ein høyrer om «stippane». Eigentleg heiter dei stipendiatar, og er våre andreårs-elevar. Dei fyller ei veldig viktig rolle på skulen, og er med på å danne miljøet, som eit bindeledd mellom øvrige elevar og tilsette.

Stipendiatane søker om plass på andreårstilbodet som til eit vanleg folkehøgskuleår. Dei har eigen linjelærer, får individuell vegleiing og bur på internat. Vi har 10 plassar, men får ofte 60-70 søkarar.

Tilbodet er særleg retta inn mot å gje leiartrening med mykje praksis. Elevane på linja er knytte opp til kvar si friluftslivlinje, der dei er med og hjelper i planlegging og gjennomføring av turar. I tillegg har dei praksis på Bu-og fritidslinja vår, som er tilrettelagt for ungdomar med ulike psykiske funksjonshemmingar.



Stippane er gullstandardungdom, så TAKK for desse!



Ord for dagen



Klare Sjøl

Det er veldig ofte lettest å gjøre ting selv. På egenhånd. Da har jeg full kontroll. Jeg vet gjerne hva som skal gjøres og hvordan jeg vil ta fatt på oppgaven. Er det noe jeg lurer på så kan jeg finne det ut selv. Da blir det så mye mindre styr. *Klare sjøl*, som barna sier. Ja, og det er jo både vel og bra at både barn og voksne blir selvstendige, står på egne ben og kan knyte sine egne skoler.

Gud kunne også selv tatt skjeen helt i sin egen hånd og gjort alt selv. Hvor mye enklere hadde ikke det vært. Både for han og oss. Hvorfor i alle dager har han delegert til oss skrale mennesker å være hans utstrakte armer? Hvorfor er det så viktig at vi er med på det Gud gjør? Gud kunne klart seg mye bedre selv og uten at jeg skal gå å i veien. Men det er visst noe som er viktigere for Gud enn at alt er effektivt og perfekt.

Det er åpenbart også viktig for Gud å gjøre livet sammen med oss. Deg og meg. Og Gud. På lag. Det er alltid noen som er dårligst på et lag. På Guds lag er det oss. Men det gjør ingen ting. For Gud er så god at vår utilstrekkelighet har i grunn ingen betydning. Det eneste han lurer på er om vi vil være med på laget. Med i fellesskapet og sammen med han vise verden hvor høyt elsket hvert enkelt menneske er, og Gud har

et mye bedre liv for de enn de hadde turt å drømme om.

Igen sa Jesus til dem: «Fred være med dere! Som Far har sendt meg, sender jeg dere.»

Joh 20,21

Gud sendte Jesus. Jesus sender oss. Vi sender hverandre. Paulus presiserer dette i sitt andre brev til Timoteus når han sier: *Det du har hørt av meg i mange vitners nærvær, skal du gi videre til pålitelige mennesker som er i stand til å undervise andre.*

Å gi opplæring er veldig krevende og tar mye tid. Umiddelbart kan det virke som om det ikke er verdt det. Spesielt når vi kan ordne ting selv. Da går vi imidlertid glipp av en hel del. Vi går glipp av fellesskap. Vi går glipp av kvalitetstid. Vi går glipp av at mennesker får vokse frem til å bli ressurspersoner. Vi går glipp av å se at Guds rike går frem gjennom oss. Vi går glipp av å se at andre blir bedre enn oss selv og får utrettet ting vi ikke en gang så for oss. Fordi med Gud på laget er alt mulig.

Tenk så fantastisk at vi får være med på det Gud gjør. Kanskje er det også mer effektivt å gjøre disipler enn å gjøre alt selv? Ja! Og mye viktigere. Paulus er tydelig med Timoteus:

Ingen soldat lar seg hindre av dagliglivets gjøremål, for han vil gjøre som hærføreren vil. 2. Tim 1

martin olsen
martin.olsen@normisjon.no
Normisjon region Hordaland

Internasjonal misjon:

Håper 2022 blir året for å løfte blikket

– Hva om det å være «normisjoner» også betydde at du hadde et internasjonalt engasjement? Spør Tore Bjørsvik, internasjonal leder. I 2022 skal det internasjonale arbeidet konkretiseres.



Tore Bjørsvik, internasjonal leder i Normisjon, håper 2022 kan bli året hvor enda flere nye løfter blikket for det internasjonale arbeidet.

Et år har gått siden Normisjon sparket i gang en større satsning på utsendelser og misjon med kampanjen «1000 gir 1000». Siden har flere nye utsendinger blitt ansatt, nytt vennskapsland blitt en del av porteføljen og strategiprosesser er blitt igangsatt.

I 2022 håper Tore Bjørsvik, internasjonal leder i Normisjon, at også flere nye vil være med å løfte blikket for behovet som finnes i Normisjons samarbeidsland.

– Jeg håper at 2022 kan bli et år hvor det å være «normisjoner»

betyr at en også har et internasjonalt engasjement. Det er lett å bli nærsynt i alt vi holder på med i vår egen hverdag og da er det viktig at vi også husker å løfte blikket, sier Bjørsvik som forteller at han ønsker seg at flere nye også kan få et internasjonalt engasjement.

– Vi skal fortsatt sende mennesker


Fremover fortsetter prosessen med å utforme strategier og konkretisere veivalg i organisasjonen.

– I året som ligger foran vil vi kunne si noe tydeligere og mer konkret om hva vi som organisasjon ønsker å prioritere. Vi ønsker fortsatt å være en sendebevegelse som sender mennesker, men det å sende kan likevel se forskjellig ut, sier Bjørsvik.

I dag støtter Normisjon 29 utsendinger. Noen er bosatt i Norge, noen støttes via partnere og andre er internasjonale utsendinger. Blant dem er både lærere, språkkyndige, teologer, leger og flere yrker representert.

– Dette signaliserer at det å ha utsendinger også kan skje i partnerskap. Noen utsendinger sendes ut ifra oss, andre sendes til våre felt fra andre organisasjoner.

Normisjon støtter (per 01.01.2022) 29 utsendinger. 18 av disse er utsendinger fra Norge og 11 er utsendt fra andre land eller utsendt i partnerskap med andre organisasjoner. Syv er bosatt i Norge og tre er internasjonale utsendinger. Av Normisjons samarbeidsland er det Senegal som i dag har flest av organisasjonens egne utsendinger boende i landet.



Nytt i 2022 er også at Tsjekkia, som ligger nærmest midt i Europa, er en del av porteføljen.

Målgruppe

Internasjonalt vil særlig ett spørsmål bli sentralt for strategiprosessen dette året.

– For det internasjonale arbeidet tror jeg kanskje det mest sentrale spørsmålet omhandler målgruppen vår. Hvem er det vi ønsker å nå i arbeidet vårt?

At Normisjon skal fortsette å sende mennesker er han tydelig på.

– Selv om vi ser at det å støtte utsendinger kan skje i partnerskap, skal vi ikke komme dit at vi kun betaler oss ut av misjonsoppdraget. Det blir for enkelt. Det har noe med vår troverdighet som sendebevegelse å gjøre. Men nå er de viktige spørsmålene hvem vi vil nå og hvor vi være, sier han.



Nye utsendinger

Normisjon har 18 utsendinger som er fullfinansiert og utsendt fra organisasjonen. Blant dem er nye utsendinger



Generalsekretæren:

På ditt ord vil jeg kaste noten

Legg ut på dypet og kast noten til fangst, sa Jesus. Fiskerne hadde strevd hele natten og ingenting fått. De profesjonelle gav opp. Det var ikke mer å gjøre. Likevel sier Peter: «På ditt ord vil jeg kaste noten». Da fikk de så mye fisk at noten holdt på å revne. (Luk 5, 1-11)

Våre og Guds forutsetninger

Ser vi på omgivelsene og våre egne muligheter for å lykkes, kan vi bli motløse. Pandemi og begrensninger både ute og hjemme bringer lett følelsen av at det ikke nytter. Vi må gi oss, det ble ikke noe fangst nå. Vi har prøvd. Men Jesus har andre forutsetninger for å lykkes. Går vi på hans ord, kan alt snu seg. Båt uten fangst kan bli fylt til randen. Ja, to båter kan bli så fulle at de nesten synker.

Om våre hus en periode er tomme, kan de bli fulle – hvis vi lytter og følger hans ord. Søk Jesus, lytt til hans ord – og gjør det han sier. Og kast på ny noten på hans ord. Det er min oppfordring i det nye året.

Videre strategiarbeid

Gjennom 2021 kartla vi status i hele Normisjon. Mange bidro og ble hørt. Nå er det tid for å utforme planer og veivalg på de ulike områdene. Landsstyret avsluttet året

ger Karen og Bård Rebbestad Løkken som takket ja til jobben i fjor. I februar i år reiser de sammen med barna sine til Sør-Asia.

– Vi har et ønske om å være der i tre-fire år, men kommer også til å gjøre vurderinger underveis, spesielt med tanke på om barna våre trives, sier forteller Rebbestad Løkken til Ferskvare i desember i fjor.

I januar reiste også ekteparet Liv og Håkon Simonsen tilbake til Vest-Afrika og til Senegal, hvor de blir en del av Normisjons sitt team i dette landet.



ved å se på innspillene og analysene som ble gjort, og de ba oss om å ta med følgende når planene for de ulike områdene legges:


- Knytt skole og utdanning tettere sammen med det andre vi gjør.
- Arbeid for å koble misjon i Norge tettere sammen med vårt internasjonale arbeid.
- Skap en sterkere tilknytning mellom menighetene og øvrig virksomhet.
- Knytt Acta og Normisjon tettere sammen.
- Øk samhandlingen mellom kommunikasjon- og markedsarbeidet og det andre vi driver med så vi kan henge bedre sammen.

Så nå forsetter vi utformingen av en overordnet strategi for Normisjon og starter også opp arbeidet med strategier for de ulike virksomhetene våre. Vi tar med oss Landsstyrets føringer, som er en del av det som heter konsernstrategien, og går løs på virksomhetsstrategiene. Vi vil så langt som mulig invitere dere som står midt i arbeidet til å delta.

Vi vil lytte til både Gud og mennesker – og på hans ord vil vi kaste noten. Det blir spennende å se hva som skjer.



Liv og Håkon Simonsen er nylig tilbake for fullt som utsendinger for Normisjon. 3. januar var de på plass blant teamet i Senegal. Normisjon har 18 norske utsendinger per i dag.



Dato-glimt frå kvardagen vår:

Nokre faste arrangement:

Fjordlydag siste torsdag i månaden.

Påmelding til middag.

Holmely/Fjordly: Bønnelunsj, drop-in, kvar fredag.

Ta med matpakke.

Norfellesskapet Førde samling søndagar kl 1600 i partalsveker Førde bedehus.

Mars

6. Førde bedehus: Temasamling

11.-13. Teigen leirstad: Dugnadsleir

14. Stårheim Normisjon årsmøte

18.-20. Fjordly ungdomssenter: Tenleir 13-18 år

19. Holmely omsorg og retreat: «Stille dag i faste» med høve for overnatting.

22. Teigen leirstad: Teigenklubben kl 1730

23. Betania Stryn: Temasamling

April

8.-10. Fjordly ungdomssenter :16+ leir

18. Betania, Eid: Fellesskapsmøte Eid Normisjon

23. Førde bedehus: Regionårsmøte Normisjon region Sogn og Fjordane

26. Teigen leirstad: Teigenklubben kl 1730

29.april-1.mai: Holmely omsorg og retreat: Temahelg

«I Guds omsorg», Kurt Hemdal

Mai

10. Teigen leirstad: Teigenklubben kl 1730

12.-15.mai: Holmely omsorg og retreat:

Temaretreat «Gudsfryktens kraft», Geir Otto Holmås

22. Solvang bedehus, Olden: Temamøte

24. Teigen leirstad: Teigenklubben kl 1730

Juni

7. Teigenklubben sommaravslutning

10.-13. Holmely omsorg og retreat: Tema-retreat «Midt i nattens mørke blinker».

Retreat med tur til ulike fyr.

17.-19. Fjordly ungdomssenter: Minileir (4 år- 3.kl m.følgje)

23.-26. Fjordly ungdomssenter: Tweensleir, 4.-7.kl

29.juni-3.juli Fjordly ungdomssenter:

Tenleir, ungds. og vgs

Juli

3. Sommardag på Teigen m/Norfellesskapet i Førde

29.-31.juli Fjordly ungdomssenter:

Familieleir

August

4.-7. Fjordly ungdomssenter:

Tweensleir 2, 4.-7.kl

Vil du ha eit arrangement med i lista?

Lista er ikkje utfyllande, tilsette har mykje reiseverksemd i regionen. Ønskjer du at ein basar eller anna arrangement som dekkjer eit større nedslagsfelt i ditt lokalarbeid skal vere synleg her? Send ein e-post til region-kontoret: sof@normisjon.no

Regionkontoret

Nordstrandvegen 12, 6823 Sandane
tlf 57866349 og e-post: sof@normisjon.no

Ope kontor onsdag-torsdag kl 9-15.

Regionen sine nettsider:
www.normisjon.no/sof
www.acta.no/sof/om-oss
<https://www.facebook.com/normisjonsof>

Tilsette i regionen:



Jostein Bildøy
Regionleiar
Jostein.bildoy@normisjon.no
95 19 13 32




Stine Hopland
Actaleiar
Stine.hopland@normisjon.no
92 03 42 30



Stian Stokkebekk
Fellesskapsutviklar Sunnfjord
Stian.stokkebekk@normisjon.no
40616721



Vegard Tennebo
Fellesskapsutviklar
Gloppen/Nordfjord
Vegard.tennebo@normisjon.no
90642084



Fjordly barnehage
Tlf 57 85 33 95
www.fjordly-barnehage.no



Teigen leirstad
Tlf 97 62 75 64
www.teigen.weebly.com



Fjordly ungdomssenter
Hildegunn Vederhus,
dagleg leiar
Tlf 57 85 32 25
www.fjordly.no
fjordly@normisjon.no



Holmely omsorg og retreat
Eva S. Langseth, dagleg leiar
Tlf 57 85 34 25
www.holmely.no
holmely@normisjon.no



Innvik fjordhotell
Misjonsheimen
Anna Marie S. Vatnamo,
dagleg leiar
Tlf 57 87 49 90 / 99 36 46 60
www.innvikfjordhotell.no
post@innvikfjordhotell.no



Sunnfjord folkehøgskule
kontakttlf. 57 82 99 60
www.sunnfjord.fhs.no
kontor@sunnfjord.fhs.no



Nordfjord folkehøgskule
kontakttlf. 57 86 80 40
www.friluftslivskulen.no
kontor@friluftslivskulen.no

NORMISJON er en evangelisk luthersk organisasjon som organiserer over 50 tusen personer over hele Norge gjennom blant annet menighetsfellesskap, foreninger, barnehager og skoler. Vi vil nå unådde og gjøre mennesker til disipler.

ACTA- BARN OG UNGE I NORMISJON har nærmere 23.000 medlemmer over hele Norge som er organisert i lokale fellesskap. Vi vil se grensesprengende fellesskap hvor barn og unge møter, følger og ærer Jesus Kristus.

Bøneemner:




- Takk og be for dei tilsette på folkehøgskulane og barnehagen.
- Takk og be for dei tilsette og styrevalgte på leirstadane og hotellet.
- Takk og be for dei tilsette og tillitsvalde i regionen.
- Takk og be for misjonsengasjementet i foreiningane og Acta-arbeidet, at dette må bli vidare kjent.
- Takk og be om at dei vanskelege saker vi møter i arbeidet vårt blir fulgt opp rett.
- Takk og be om motivasjon i foreiningane og arbeidet knytt til bedehus og bedehusapella.

Vipps

enkelt og raskt å gje!

Normisjon S&F - gåve
#15646



Engasjer deg

Vil du engasjere deg kan du ta kontakt med ein av oss som du finn på sida «Om oss» eller du kan gå inn på www.normisjon.no/sof og velge toppmeny «Engasjer deg».

Gje ei gåve

Om du vil gje ei gåve og sikre deg skattefradrag samtidig er tilbodet å gå inn på www.normisjon.no/sof og velge toppmeny «Gje ei gåve». Her kan du og velge kven du vil skal vere mottakar av gåva di. Og om det er ei enkeltgåve eller fast givarteneste.